



# Årsmelding

# Rosendal Skulekorps

**2018**

Organisasjonen 2018:

Leiar:	Martha Skeie Olsen(1 år)
Styremedlemmer:	Reidunn Seim Steffensen Trine Grøtte (2 år) Marit Skåla Seglem (1år) Frode Aaseth (2år)
1 vara:	Petter Hiller Ulvestadbakken (1 år)
2 vara:	Gunn Marit Flatland (1 år)
3 vara:	Elisabeth Mehl (1 år)
Tillittsvald i korpset :	Mette Enes står på val. Ny vert veld i mars.
Dirigent:	Linus (fram til sommaren) Eirin Nordvik (haust)
Material-og instrumentnemnd :	Inger Johanne Hauge ( 1 år) Marit Skåla Seglem(2 år)
Notenemd:	Liv Signe Bleie Ulvestadbakken (1 år )
Uniformsnemnd:	Elisabeth Mehl (2 år) Rannveig F.Helleland (1 år)
Lotterinemnd:	Marit Bakke (2 år) Heidi Hatteberg (1 år)
Loppenemnd:	Tommy Grøtte (1 år) Lars Ove Seglem (1 år) Sverre Myklebust (2år) Lars Arve Flatland (1 år) Joakim Bjørge (2 år)
Valnemnd:	Martha Skeie Olsen(1 år) Inger Johanne Hauge(1 år)
Nettansvarleg:	Vidar Alfarnes (1 år)
Revisor:	Olav Øye (1 år) Per T. Skåle ( 1 år)

### **Aktivitetar våren 2018:**

22. februar: Årsmøte 2018 og etterfølgjande medlemsmøte.

6.-8.april: Seminar i samband med Hordablæsten, konsert i Uskedalen søndagen

14.-15.april: Hordablæsten saman med Uskedalen skulemusikk (7.plass med 89 poeng)

6.april hadde vi den årlege rekrutteringskonserten for 2. og 3. klassingane.

26. april hadde vi den årvisse torsdagskonserten. Mange gjester samla i salen til halvannen time med kjekk musikk, kaffi, kaker og åresal. Korpset spelte programmet frå Hordablæsten saman med Uskedalen skulemusikk

17. mai med tradisjonell speling i Rosendal saman med Rosendal musikklag. Speling utgjekk i Mauranger grunna liten besetning og manglande slagverk.

### **Aktivitetar hausten 2018:**

23. august var første øving for sesongen.

24.-26.august: Oppstartsseminar i Uskedalen saman med Uskedalen skulemusikk og Husnes skulekorps

28.-30.september: Karmøy Brassfestival i Kopervik

25. oktober samla vi mange i samfunnshuset til ny torsdagskonsert med god musikk, kaffi, kaker og åresal!

10. november var det klart for årets høgdepunkt for mange, loppemarknaden. Mange dugnadstimar blei lagt ned dagane før i tillegg til sjølve loppemarknadsdagen, men jammen er det moro og! Nok ein gong hadde vi solid omsetning på loppemarknaden!

29. november var vi med på opning av julegata i Rosendal, julesangar vart spelt.

2. desember spelte vi på Rosendal Musikklag sin julematine.

13. desember: Julegraut på øving med loddtrekning for medlemmer og foreldre

16.desember: Julekonsert i Uskedalen kyrkje saman med Uskedalen skulemusikk

24. desember spelte nokre av medlemmene saman med musikklaget (A og B) i kyrkja under julegudstenesta.

### **Medlemer 2018:**

Alfarnes, Viktoria Bakke	Baryton	
Awazge, Maria Trovik	Kornett	
Bjørge, Emilie Seglem	Kornett	
Boge, Elisabet Brakestad	Kornett	Starta haust 2018
Boge, Filip Brakestad	Kornett	Starta haust 2018
Boge, Johannes Brakestad	Salgverk	Starta haust 2018
Brakstad, May Beate	Euphonium	
Enes, Mette	Baryton	Slutta vår 2018
Flatebø, Ingeborg	Kornett	Slutta vår 2018
Flatebø, Jenny	Baryton	Slutta vår 2018
Flatland, Eline Vestvik	Trombone	
Grøtte, Maren Røyrvik	Kornett	
Hatteberg, Tord Sverreson	Eb-horn	Slutta vår 2018
Hatteberg, Frøya Sverresdotter	Kornett	
Hestad, Gunnar	Slagverk	Slutta vår 2018
Helleland, Sander Elias	Eb Tuba	
Mehl, Alette S	Trombone	
Olsen Emma Synnøve Skeie	Flygelhorn	Slutta vår 2018
Olsen, Mathilde	Eb-horn	Slutta vår 2018
Seglem, Maren Skåla	Kornett	Slutta vår 2018
Steffensen, Frida	Eb tuba	
Ulvestadbakken, Solfrid Bleie	Kornett	
Ulvestadbakken, Sigmund Bleie	kornett	
Aas, Emilie Fredheim	Euphonium	Starta haust 2018
Aaseth, Emilie Sandvik	Baryton	
Aaseth, Julie Sandvik	Kornett	Starta haust 2018

### **Tilgang i korpset hausten 2018:**

Emilie Fredheim Aas og Julie Sandvik Aaseth starta i korpset etter endt aspirantopplæring i kulturskulen hausten 2018.

### **Styret:**

Styret har hatt **11** styremøter i 2018.

### **Oppsummering av 2018**

Linus Dakinevicius slutta våren 2018 som dirigent for korpset og vart erstatta av Eirin Nordvik. Eirin hadde kun haustsesongen i korpset før ho sa opp stillinga si i kulturskulen med veknad frå 10.desember 2018.

Samarbeidet med Uskedalen skulemusikk til Hordablæsten 2018 var så vellukka at styra i dei to korpsa vedtok å samarbeida heile sesongen 2018/2019. Dette medfører at alle konsertar i denne sesongen vert spelt felles.

Korpset har hatt fellesøving kvar torsdag 1730-1930 i Rosendal Samfunnshus. I tillegg kjøpte korpset tenester frå Kulturskulen til gruppeøvingar kvar måndag. Gruppeøvingane har vore haldne på Malmanger Skule. Hausten 2018 har korpset også hatt ei ekstra fellesøving i månaden i samband med samarbeidet med Uskedalen skulemusikk.

Seminaret i forkant av Hordablæsten vart halde på Omvikdalen skule, og oppstartsseminaret i Uskedalen.

Årets største arrangement i tillegg til loppemarknaden, var deltakinga i Hordablæsten 2018. Rosendal og Uskedalen deltok i 3.divisjon saman, og framføringa haldt til 7. plass med 89 poeng. Korpsa, inkludert mange foreldre, reiste saman til Bergen med buss, overnatta på hotell laurdag-søndag, og sjølv konkurransen var søndagen. Helga vart avslutta med festkonsert i Griehallen, ei kjekk helg for både store og små

Loppemarknaden var tradisjon tru, haustens store arrangement. Nok ein gong hadde vi omsetningsrekord og mykje folk innom samfunnshuset denne dagen. Styret takkar alle foreldre, musikantar og andre hjelparar for ein framifrå innsats i samband med loppemarknaden!

Skulekorpset deltok tradisjon tru på julegateopning og musikklaget sin julematinè, i tillegg til julekonsert i Uskedal kyrkje saman med Uskedalen skulemusikk.

Styret i skulekorpset vedtok å sei opp avtalen med Kvinnherad kulturskule hausten 2018 og har frå 01.01.2019 tilsett ny dirigent. Dette medfører at all undervisning skjer gjennom korpset, og vi har også aspirantopplæringa gjennom korpset i staden for gjennom kulturskulen. Styret har stor tru på at denne løysinga er den beste for Rosendal skulekorps.

Styret takkar alle for innsatsen i 2018 og ser fram til eit godt og spanande samarbeid i året som kjem!

Rosendal, 21.02.2019  
Martha Skeie Olsen